



Hammar - kameratane A/S

Hella 60

5936 MANGER

Referansar:

Dykker:

Vår: 16/2278 - 16/16110

Saksbehandlar:

Einar Færø

einar.faero@radoy.kommune.no

Dato:

21.12.2016

Byggesak Gbnr 60/17 Halland - einebustad - tilbygg - søknad som gjeld dispensasjon frå avstandskravet mot veg

Delegasjonssak nr.: 360/2016

Me viser til dykker søker søknad om tilbygg til bustad. Tiltaket krev dispensasjon frå avstandskravet mot veg.

Det fylgjer av pbl § 29-4 første ledd andre punktum at kommunane skal påsjå at veglovas bestemmelser om byggjegrense og frisikt vert følgd. I dette ligg det at før kommunen gjev tillatelse til byggverkets sin plassering må kommunen sjå til at løyvet ikkje vil vera i strid med veglova sine bestemmelser. Pbl § 29 – 4 gjev altså kommunen heimel til å avslå søknaden dersom vegmynda ikkje gjev tilatelse etter veglova.

Tiltaket det her vert sökt om ligg til ein mindre trafikkert kommunal veg. Området er uregulert, og området skal difor vera 15 meter til vegmidte som bestemt i i veglova § 29, andre ledd.

Vegmynda sin vurdering av tiltaket er at tiltaket er lite og utan påverknad på tilhøva slik dei er i dag. Sikta vert den same.

Vedtak

Vegmynda godkjenner tiltaket slik sökt om med ein minsteavstand på 13 m til vegmidte.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er

nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt leiar teknisk drift Einar Færø.

Med helsing

Einar Færø
Leiar teknisk drift

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Hammar - kameratane A/S Hella 60 5936 MANGER